



Kaj Alexander Johnsen
Skjelangervegen 408
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2794 - 16/22709

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
01.12.2016

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett, oppføring av garasje på Landsvik, gbnr 51/57.

Administrativt vedtak. Saknr: 403/2016

Tiltakshavar: Kaj Alexander Johnsen
Tiltak: Søknad om tiltak etter plan og bygningslova(p bl) § 20-4 , jf § 20-1 .

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-4, motteke 22.11.2016 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av garasje på 49,6 m² på gbnr 51/57 på Landsvik.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-føremål. Meland kommune ga i administrativt vedtak 64/2016, dagsett 11.03.2016 dispensasjon for riving av branskada bustad og oppføring av ny bustad på gbnr 51/57. Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, og det vert ikkje sett krav om dispensasjonssøknad for oppføring av garasje.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla i perioden 22.10. – 20.11.2016, i samsvar med pbl § 21- 3 . Det er ikkje motteke merknader frå nokon av dei varsla partane. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21 - 3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan motteke 22.11.2016. Statens vegvesen har i skriv dagsett 21.11.2016 gitt førehandsuttale/dispensasjon frå byggjegrænse mot Fv. 249 for plassering av garasje 20,0 m frå vegmidte. Tiltaket må plasserast som vist på situasjons kart godkjent 01.12.2016 og i samsvar med overnemnde uttale frå Statens vegvesen. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Parkeringsareal og utandørs opphaldsareal er i samsvar med retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel.

Planløsning og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløsning og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29- 1 .

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av av pbl § 20-4 løyve til oppføring av garasje med eit samla BYA på 49,6 m² i samsvar med søknad og teikningar motteke 22.11.2016, på gbnr 51/57 – Landsvik.

Loftrummet skal ikkje nyttast til varig opphald. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan og plan-, snitt og fasadeteikningar jt motteke 22.11.2016.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

51-57

51-57 kart

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

Mottakere:

Kaj Alexander Johnsen

Skjelangervegen
408

5917

ROSSLAND